

## Melding frå Kongen til Stortinget um Noregs rikets styring i tidi etter siste melding.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

*gjer kunnigt:*

I samsvar med grunnlovi skal Kongen med dette få gjeva melding til Stortinget um tilstandet i riket og um styringi i 1935.

Sendemannen i Ankara er løyst frå sitt embete som sendemann i Bucuresti. Det siste embetet er tillagt sendemannen i Warszawa. Samstundes hev det i Bucuresti vorte skipa eit legasjonssekretærembete og innehavaren av det gjer teneste som chargé d'affaires a. i. Sendemannen i Paris er løyst frå sitt embete som sendemann i Brussel; til hovudstaden i Belgia er det i staden sendt ein chargé d'affaires en pied. Generalkonsulatet i Antwerpen vert no styrd av ein utsend konsul. Sendemannen i Roma er løyst frå sitt embete som sendemann i Athen. Det embetet er tillagt sendemannen i Ankara. Noregs chargé d'affaires a. i. i Havana hev dessutan vorte meldt som chargé d'affaires a. i. i Mexico City.

Noreg var representera på ei ekstraordinær delegertforsamling i Folkesambandet i Genève i mai månad, og på den 16de ordinære forsamling som vart opna i Genève 9 september.

Det er underskrive ein skiltdomsavtale med Venezuela.

Millom Noreg og Polen er det underskrive ein tilleggsprotokoll til Handels- og Sjøfartstraktaten frå 22 desember 1926 og tilleggsprotokollen frå 26 april 1928.

Millom Noreg og Tyskland er det gjort ein avtale um revisjon av clearingavtalen med Tyskland og tilleggsavtalen til han.

Millom Noreg og Frankrike er det gjort ein avtale som gjeld året ut, um handelsambandi millom dei tvo land. I januar månad i år vil det verta teke upp tingingar med Frankrike um oppattning av denne avtalen for 1936.

Millom Noreg og Italia er det gjort ein avtale um ordning av varebytet millom dei tvo land, med tilhøyrande clearingavtale.

Det er byrja innleidande tingingar med Spania til trygding av eksportinteressone våre på den spanske marknaden, og med Portugal

um ein revisjon av den norsk-portugisiske tilleggsavtalen frå 4 september 1934 som Portugal hev ratifisera 9 august 1935. Det vil koma ei serskild stortingsmelding um desse tingingane.

Millom Noreg og Brasil er det gjort ein avtale um frigjeving av fastfrosne norske tilgodehavande mot kjøp av visse kvanta brasil-kaffe.

Med Cuba er det byrja tingingar um ein avtale um den norske vareeksporten til Cuba og importen av kubansk sukker til Noreg.

Det er byrja tingingar med Romania um ein avtale um frigjeving av dei fastfrosne norske tilgodehavande og um ei ordning av handelssamband i framtidi millom Noreg og dette landet.

Med Finland hev det kome i stand ein ny reinbeitkonvensjon. Proposisjon um godkjenning av denne konvensjonen vil verta sett fram for Stortinget.

Noreg hev i 1935 vore offisielt representera på ei rad med internasjonale kongressar, millom dei: Internasjonal kongress for fritidi åt arbeidarane (Brussel), 11te internasjonale kongress for strafferett og fengselstett (Berlin), 6te internasjonale konferanse for einvoren strafferett (København), 16de internasjonale sjøfartskongress (Brussel), 7de internasjonale kongress for rådgjerder mot arbeidsulukkor og arbeidssjukdomar (Brussel).

Noreg hadde ein utstillingspaviljong på Verdsutstillingi i Brussel; H. K. H. Kronprinsen stod fyre den høgtidelege opning av den norske paviljongen.

I 1935 hev 2126 kandidatar teke studenteksamen.

Ved universitetet hev i alt 480 kandidatar teke embetseksamen, ved Menighetsfakultet 52.

Ved Noregs tekniske høgskule var det teke upp 158 og uteksaminera 146 kandidatar.

Talet på ikkje pådømde saker ved Høgsterett 1 januar 1935 var 504. Av dei var 26 straffesaker og 478 borgarlege saker. Talet på ikkje pådømde saker 31 desember 1935 var 480, av dei 40 straffesaker og 440 borgarlege saker.

For Justisdepartementet er det ikkje gjort nokon konvensjon med framande statar i 1935.

Under styring av riksgjeldsmeklingsinstituttet er det i gang gjeldstingingar for eit stort tal med kommunar. I 1935 er det stadfest akkordar for 77 kommunar, 1 akkord er vedteken med atterhald um samtykke frå stortinget, 10 akkordframlegg er til avrøysting millom kreditorane og 16 framlegg er lagt fram for kommunane til vedtaking. Riksgjeldsmeklingsinstituttet hev dessutan til fyrehaving ordningar for umlag 120 kommunar.

Vidare vert det arbeidd med ei utjamning og ei avgrensing av det kommunale skattestrykket.

Folketalet i riket var ved utgangen av 1934: 2 871 400, og ein kann ved utgangen av 1935 truleg rekna det til 2 884 000.

Den oversjøiske utvandringi hev i 1935 og vore svært liti. Dei tri fyrste kvartal av 1935 utvandra i alt 344 mot 386 i same tidbolken i 1934 og 252 i 1933. I dei tri fyrste kvartal av 1935 utvandra 280 til Sambandsstatane og 14 til Canada. Dei tilsvarande tali for same tidbolken i 1934 var 316 og 27. I heile 1934 utvandra i alt 485, av desse 392 til Sambandsstatane og 35 til Canada.

Etter fyrebils oppgåvor hev det i 1935 og vore fleire giftarmål enn året fyre. Talet på gifte var i dei tri fyrste kvartal av 1935: 13 313, mot 12 706 i same tidbolken i 1934. I same tidi vart det i 1935 født 31 885 levande fødte born, og det døyde 22 331. Dei tilsvarande tali for 1934 var: 32 244 og 21 212. Talet på fødslor hev soleis gått noko ned samanlikna med dei tilsvarande kvartal av 1934, medan talet på dødsfall hev stige. Fødselsoverskotet vert i dei tri fyrste kvartal av 1935: 9 554, mot 11 032 i 1934.

I 1935 hev det ikkje vore store og vidfemnande arbeidskonfliktar. Fleire gonger gjenom året hev det vore tillaup til storkonfliktar, men dei hev vorte ordna.

Soleis var det varsla ein større sympatikonflikt i transport og kystfarten med tilføre av ein konflikt i transportyrket i Svolve, og sympatikonflikt i hermetikkindustrien med tilføre av ein langvarig konflikt ved tvo mindre hermetikkfabrikkar i Møre. I hermetikkindustrien vart det arbeidsstogg fyre ordningi, men heilt stuttvarig. I fleire større industriar såg det ut til stogg i samband med tariffrevisjonar um sumaren og hausten, men ein kom til slutt til semje.

Ved tariffrevisjonen for vårtariffane som vart vedteke i april månad, vart lønssatsane jamt over ubrigda. Det vart nokre betringar for unge arbeidarar og for sume faggrupper. Elles vart det ein dag lenger ferie for dei som fyrr hadde åtte dagar. Dei tariffane som vart revidera seinare på våren, soleis tariffane for Norsk Hydro og for utanriksfarten, førde òg stort set til forlenging med omsyn til lønssatsane. For sjøfolki vart satsane for eit par av dei lågast lønte gruppone sett upp noko.

Tariffrevisjonen um sumaren for konfeksjonsindustrien vart òg nærmast forlenging med sume lokale lønsaukingar. Revisjonen av tariffane i den elektrokjemiske industrien og papirindustrien førde til ein grand lønsauke. I skogbruket òg vart det nokre lønsbetringar. Sameleis for sjokoladeindustrien.

Dei nye tariffane for kommunale arbeidarar i 1935 viste i dei fleste tilfelle forlenging av lønene.

I 1935 hev fleire gruppor av arbeidarar som ikkje fyrr hev havt tariffavtalar, fått avtalar, m. a. kvalfangarene som på den måten hev fått ikkje so lite betre løns- og arbeidsvilkår, og landarbeidarane i fleire bygder.

Fra sumaren 1933 stogga stigingi av arbeidsløysa, og frå hausten 1933 hev arbeidsløysa etter statistikken åt faglagi med eit par undantak kvar månad lege lågare enn tali året fyre.

Uppgåvone over prosent ledige fagforeningsmedlemer i 10 fagforbund og serskilt for jarn- og metallarbeidarar og bygningsfag viser frå hausten 1933 til hausten 1935 denne utviklingi:

	10 fag.	Járn- og metallarb.	Bygningsfag.
1933. Oktober . . .	31,3	31,3	42,3
1934. Januar . . .	40,6	33,9	60,2
» April . . .	33,4	28,1	48,9
» Juli . . .	24,7	26,1	37,4
» Oktober . . .	27,1	27,4	34,4
1935. Januar . . .	34,2	28,3	49,0
» April . . .	30,6	24,6	43,1
» Juli . . .	19,1	18,6	21,0
» Oktober . . .	20,2		

Arbeidsløyseprosentane i 1935 ligg ikkje so lite under dei tilsvarande månader i 1934.

Den betring i arbeidsløysa som fagforeningstali gjev uttrykk for, kjem ikkje til syne i statistikken åt arbeidskontori. Etter situasjonsrapportane frå Arbeidsløyseinspektoratet — av Centralbyrået umrekna til jamførlege tal bygde på oppgåvor frå 44 arbeidskontor — var overskotet av arbeidssøkjande menn og kvinner pr. 15 kvar månad:

	1934	1935
Januar	40 792	39 328
Februar	42 365	40 637
Mars	40 869	40 682
April	38 975	40 450
Mai	32 839	33 962
Juni	28 794	28 930
Juli	25 386	25 600
August	27 210	27 820
September	31 083	31 744
Oktober	34 292	35 559
November	38 556	38 330
Desember	40 288	40 089

Medan tali i 1934, med undantak av månaden januar, februar og april lågare enn i dei tilsvarande månadene i 1933, ligg i 1935 halvparten av månadene i året over dei tilsvarande tal i 1934, endå um skilnaden ikkje er serleg stor. Etter desse tal hev soleis stoda på arbeidsmarknaden nærmast vore den same i 1935 som i 1934. Den skilnaden fagforeningstali og tali åt arbeidskontori viser, hev nærmast sin grunn i at fagforeningstali for det meste syner tilhøvi i industrien som etter tali frå arbeidskontori òg viser ei heppi utvikling frå 1934 til 1935. Men det er andre grupper som dreg i motsett leid, og då helst gruppa ulært arbeid.

Vikerapportane frå arbeidskontoret i Oslo viste i haustmånadene 1934 ei serleg lagleg utvikling. Ho heldt fram i januar og februar 1935, men stogga so. Frå den 15de vika hev utviklingi i 1935 vore umlag som i 1934, dei fyrste vikone med nokre svingingar over eller under 1934, frå 24de til 36de vika hev tali for 1934 og 1935 praktisk tala vore dei same. Men etter denne vika hev tali i 1935 jamt over lege høgere enn i 1934 og frå 45de vika mykje over. Ogso i Oslo er det helst gruppa ulærde arbeidarar som er årsak til den store arbeidsløysa.

Prisnivået hev i Noreg som i dei fleste andre land halde ved å stiga i 1935.

Engros-prisindeksen ligg i medeltal på 127 mot 124 i 1934 og 122 for dei tvo åri fyre. Hovudtalet hev gått opp frå 125 i desember 1934 til 131 for desember 1935.

Levekostnadene hev òg gått opp. Hovudtalet som ved utgangen av 1934 låg på 149, er i november 1935 kome opp i 153.

Helsetilstanden hev i 1935 jamt over vore godt. Influenza-epidemiar hev det vore over heile landet, serleg dei fyrste månadene av året. Dei fleste tilfelle er melde frå Oslo, Bergen, Akershus og Buskerud. I alt er det i månadene januar—oktober, meldt 61 607 tilfelle av influensa mot berre 19 934 i same tidi året fyre.

Meslingar hev det òg vore mange fleire tilfelle av enn i 1934. I januar—oktober er det meldt 14 353 tilfelle mot 7 687 i same tidi i 1934. Dei fleste tilfelle av meslingar var i april—juli, og var mest utbreidd i Akershus, Oslo, Bergen og Stavanger. Òg Elles hev farangane, etter lækjarmeldingane, jamt over vore mindre utbreidde enn i 1934.

Den ålmenne betring i dei økonomiske tilhøve hev synt seg på aksjemarknaden, med di kursane syner oppgang praktisk tala heile året. Aksjeindeksen åt Det statistiske sentralbyrå som i januar viste eit tal på 76, var i november kome opp i 92. Stigingi var sterkast i sumarmånadene og haustmånadene og då serleg for skips-, kvalfangst- og industriaksjar.

Penge- og kreditmarknaden må ein òg for 1935 segja er romsleg. Renta heldt seg låg, og diskontoen åt Noregs Bank er framleis 3½ pct. Frå mai—juni hev likevel den effektive renta på obligasjonar havt ein lett stigande tendens. Stigingi i obligasjonskursane utetter våren hev nemleg slege um i sumarmånadene.

Den stendige nedgangen i bankinnskoti dei fyre åri er stogga i 1935, og frå årsskiftet til no merkjest ein liten oppgang. Utlåni syner ein mindre nedgang til og med september, men i oktober ei heller stor stiging.

Med det låge rentenivået er gjeldstyngsla minka. Betalingstilhøvi hev betra seg. Talet på konkursar hev soleis gått sterkt ned, og det same gjeld talet på utleggsforretningar.

Den delvise valutastabilitet Noreg vinn med å halda fast pundkurs, hev hjelpt til å minka uvissa i næringslivet. Tilgangen på valuta hev vore god i 1935 og den medelen av gull og valuta som Noregs Bank hev er auka frå 178 millionar kroner i januar til 229 millionar kroner ved utgangen av november. Dei nettokrav aksjebankane hev hjå utanlandske bankar viser òg ei utvikling i rett leid.

Verdet av utanrikshandelen hev stige i 1935 samanlikna med 1934. Den samla umsetnaden hev for dei fyrste 11 månadene av året eit verde på 1 278 millionar kroner mot 1 195 millionar kroner for same månadene i 1934. Verdet av innførsla hev stige frå 671 millionar kroner i tidi januar—november 1934 til 733 millionar kroner i januar—november 1935. Verdet av utførsla hev stige frå 524 millionar kroner til 545 millionar kroner.

Som følgje av den sterkare stigingi innførselverdet vert innførseloverskotet noko større enn i 1934. For dei fyrste 11 måna-

dené var det i 1935 eit innførseloverskot på 188 millionar kronor mot 148 millionar kronor dei same månader i 1934. Betalingsbalansen for heile 1935 vil likevel syna overskot, men overskotet vil truleg verta ikkje so lite mindre enn i 1934.

Den norske handelsfloten hadde i 1935 ein auke på 81 000 bruttotonn eller 2 pct. og var pr. 1 januar 1936 i alt 4 068 000 bruttotonn.

Alt i alt hadde floten i 1935 ein tilgang på 237 000 bruttotonn, og storparten av tilgangen var nybygde motorskip. Den samla avgang var 155 000 bruttotonn og det var for det meste på grunn av sal til utlandet og opphogging av eldre dampskip.

Skipsferdsla hev stort set havt nokon framgang i 1935. Upplaget av norske skip hev gått sterkt ned, og ved utgangen av året er mest heile floten i fart. Fraktene på verdsmarknaden hev likevel den lengste tid av året lege svært lågt, men det hev vore oppgang dei siste månadene.

På grunn av arbeidsauken, stiging i floten og dei delvis noko betre frakter, vil dei innsigla bruttofraktene i 1935 truleg verta noko større enn i 1934, då dei i alt var 404 millionar kronor. Etter eit overslag kann ein rekna med ein sum for 1935 på umlag 420 millionar kronor.

Verksemd i industrien hev halde fram med å auka i 1935. Etter den månadlege produksjonsindeks hev produksjonen stige med 4—5 pct. Produksjonen hev dermed kome upp på same høgd som i 1929 og 1930, då me hadde dei største produksjonstal som er nådd sidan krigen. Det er stiging for bergverksindustrien, jarn- og metallindustrien, den kjemiske industrien, olje- og feittindustrien og i dei fleste bransjone innum nærings- og nytingsmiddelindustrien. For sume industriar hev produksjonen vore umlag den same som i 1934. Ein merkar at kursane på industriaksjar jamt over hev stige.

Fiskerii hev stort set havt eit medels godt år, til dels noko betre enn åri nærmast fyrr. Torskefisket gav rett nok ein mindre fangstvinst enn på fleire år, men på den andre sida var stor- og vårsildfisket framifrå godt.

Prisane på fiskeplassane fall sterkt for stor- og vårsildi på grunn av det rike fisket, og det var òg noko fall for torsken, medan prisane for fleire av dei andre fiskeslagi gjekk noko upp. Det samla fyrstehandsverde av fiskerii vart umlag 67 millionar kronor i 1935, mot 59 millionar kronor i 1934 og 60 millionar kronor i 1933.

Utførselverdet hev set under eit, vore noko større enn i 1934.

Av dei store fiskerii hadde torskefisket ein fangstvinst i 1935 på 34,6 millionar fisk, mot 40,2 millionar i 1934, stor- og vårsildfisket hadde ei oppfiska mengd på 4,2 millionar hl. i 1935, mot berre 1,1 millionar hl. i 1934, og feitsild- og småsildfisket ei mengd på 1,5 millionar hl. i 1935, mot 2,3 millionar hl. i 1934.

Oljeproduksjonen av kvalfangsten for norske selskap vart mest som i fyrr sesongen, umlag 1,2 millionar fat, men verddivinsten vart munaleg større på grunn av stiging i kvaloljeprisane. Det samla verdet av kvalfangsten i sesongen 1934—35 er rekna til umlag 53 millionar kronor mot 41,9 millionar kronor i 1933—34.

Drifti og anleggsverksemd i Telegrafverket hev gått fyrr seg på normal måte. Det hev vore ikkje so liten auke i trafikken, serleg når det gjeld telefonsamtalane. Tilgangen av abonnentar ved dei lokale telefonanleggi at Telegrafverket hev vore noko større enn fyrr.

Den innanrikske dampskibsferdsla med stattilskot hev stort set arbeidt under same vilkår som i 1934.

Turist- og reisetrafikken som for 1934 synte god framgang, viser i 1935 framleides stor stiging når det gjeld vintertrafikken, medan sumartrafikken nærmast er som fyrr.

Avlingi i 1935 var jamt over svært god både i mengd og godleik.

Prisane på jordbruksvarone var stigande og det økonomiske resultat av drifti er difor betre enn det hev vore på mange år.

Den løyvingi Stortinget gav i 1934 til lånefond for meieri vil verta nytta heilt ut til utlån eller tilskot til naudlidande meieri.

Den kraftforrasjoningi som vart sett i verk 1 juli 1934 er avteki frå 24 juni 1935 og avløyst av ei avgift av toppforbruk av kraftfôr.

Med beinveges tilskot og lån av Jorddyrkingsfondet er det nydyrka umlag 95 000 dekar og grøfta umlag 45 000 dekar fyrr dyrka jord, og det er gjeve tilskot til uthus på umlag 1 200 nye bruk.

Av avlingi for 1934 vart det i kornåret 1934—35 i alt kjøpt inn umlag 59 000 tonn og levera umlag 54 000 tonn norskavla korn til staten. I same kornåret vart det i alt utbetala trygd for umlag 190 000 tonn korn med — krisetillegget irekna — umlag 9,6 millionar kronor.

Av avlingi for 1935 er i alt pr. 7 desember 1935 innkjøpt vel 60 000 tonn norskavla korn til staten, medan det i tidi 1 juni—31 oktober er male ved bygdemylnone umlag 46 000 tonn korn med rett til trygd.

Statens kornforretning hev i 1935 innført umlag 400 000 tonn (kornverde) korn og mjøl.

Helsetilstanden millom husdyri hev vore god. Kampen mot den smittsame anemi og storfetuberkulosen hev ogso i dette året vist gode resultat. Dei nye fyresegnene um kampen mot den smittsame kalvekastingi tok til å gjelda 1 januar 1935. Det hev synt seg at det var mange fleire fengde buskapar enn det frå fyrst av var rekna med. Arbeidet mot farangen hev fått god stødnad og hev til no vist gode resultat.

Skogen hev havt eit bra voksterår, og det er gjort mykje kulturarbeid i skogane. Arbeidsløysa i skogbygdene hev minka. Skogbruksnæringi derimot arbeider framleis under sers vanskelege kår, og vanskane hev auka frametter året, av di utgiftene hev stige, medan etterspurnaden og prisane på tømmer hev havt fallande tendens som fylgje av prisfall på verdsmarknaden på fleire av dei viktigaste eksportartiklane åt skogbruket.

Ved Noregs landbrukshøgskule vart det teke upp 76 studerande. Det vart uteksamnera 23 landbrukskandidatar og 7 meieri-kandidatar.

Arbeidsdrifti ved dei jarnvegsanleggi og veg-, vassbyggnings- og reguleringsarbeidi som Stortinget hev løyvt pengar til, hev gått for seg i samsvar med planane og i det omfanget pengeløyvingane hev gjeve høve til.

I 1935 løyvde Stortinget — soleis som året fyre — ekstraordinære pengar til elektrisering m. m. ved statsbanone. Arbeidet ved dei anlegg som vart sette i gang i 1934 hev halde fram. Dessutan er distriktstilskotet til dobbeltsporanlegget Ljan—Ski i orden, soleis at dette arbeidet og elektriseringi av forstadstogi Oslo—Ski no vert fremda etter planane. Derimot hev ein ikkje kunna setja i gang umbyggjingsarbeidet på Rørosbana til breidt spor, av di distriktstilskotet ikkje er ordna enno.

Det hev i 1935 òg vore sett i gang naudarbeid til å avhjelpa den arbeidsløysa som rår. Slike arbeid hev det vore i dei fleste fylke i landet.

Inntektene av statsbane-drifti var i drifts-året kr. 69 390 827 mot budgettera kr. 66 663 000. Når ein ser burt frå rentor av kapitalen åt staten var utgiftene kr. 71 822 701 mot løyvt kr. 67 998 050.

Tollintradene og laste- og fyravgifti var for budgett-terminen 1934—35 sett til kr. 108 000 000 og kr. 3 200 000. Etter rekneskapen hev det gjenom tollintradene og laste- og fyravgifti i budgett-terminen 1934—35

(med frådrag av utbetala tollgodtgjersle i samhøve med tolltariffens § 13) kome inn kr. 112 664 535 og kr. 3 576 228.

Ved mynten på Kongsberg er i 1935 mynta ut for statskassa tilsaman kr. 120 000 i ny skiljemynt.

Hypotekbanken hev i 1935 betala ut nye pantelån soleis:

Ved Hovudsetet pr. 31 desember	kr. 5 880 300
» Bergen lånekontor pr. 30 november	» 790 400
» Trondheim lånekontor pr. 30 november	» 801 600
» Tromsø lånekontor pr. 30 november	» 737 000
	<hr/>
	kr. 8 209 300

6 pct. serien 1924 på 20 millionar kroner var uppsagd til innfriing pr. 1 april. Av serien er innfridd obligasjonar til samla sum kr. 19 965 000.

6 pct. serien 1925 I på 20 millionar kroner vart uppsagd til innfriing pr. 1 juli. Av serien er innfridd obligasjonar til samla sum kr. 19 779 000.

5½ pct. serien 1925 II på 12 millionar kroner vart uppsagd til innfriing pr. 1 oktober. Av serien er innfridd obligasjonar til samla sum kr. 11 913 000.

5½ pct. serien 1925 III på 20 millionar kroner vart uppsagd til innfriing pr. 15 desember. Av serien er innfridd obligasjonar til samla sum kr. 13 682 000.

Til innfriing av 6 pct. serien 1924 på 20 millionar kroner er teke upp eit engelsk 4 pct. lån på 1 million pund etter effektiv kurs 97½ pct.

Til innfriing av 6 pct. serien 1925 I på 20 millionar kroner og av 5½ pct. serien 1925 II på 12 millionar kroner er teke upp eit nytt innanlandsk 4 pct. serielån på 30 millionar kroner. Av denne serien er avhenda obligasjonar til sum kr. 25 118 000, soleis at restupplaget er kr. 4 882 000. Av serien er obligasjonar til sum kr. 8 234 000 nytta til konvertering av obligasjonar av serie 1925 I, og obligasjonar til sum kr. 4 707 000 nytta til konvertering av obligasjonar av serie 1925 II.

Serien er dagsett 1 juli 1935 og obligasjonane er renteberande frå same dag.

Til innfriing av 5½ pct. serien av 1925 III på 20 millionar kroner hev banken hjå spare- og privatbankane teke upp eit 4½ pct. millombils lån like stort. Lånetidi er 2 år, men lånet kann nårsomhelst segjast upp av Hypotekbanken med 3 månaders varsel.

Obligasjonane er renteberande frå 15 desember 1935.

Av serien 5 pct. 1932 er det ikkje selt noko, og restupplaget er soleis som ifjor kr. 4 293 000.

Restupplaget av 4 1/2 pct. serien 1935 I på 13 millionar kroner, kr. 5 279 000 er selt i 1935.

Statsgjeldi var, når ein reknar um dei utanlandske lån etter pari kurs pr. 30 juni 1934 kr. 1 461 738 603 og pr. 30 juni 1935 kr. 1 476 181 397, altså ei stiging i budgett-terminen 1934—35 på kr. 14 442 794. På dei faste utan- og innanlandske statslån er det ein netto avgang på kr. 3 993 653, medan den millombils gjeldi er auka med kr. 18 436 447. Samstundes er statskassemedelen (inneståande foliomedel i Noregs Bank, innskot i andre bankar og opplag av statsobligasjonar oppkjøpte til amortisering) gått upp med umlag kr. 19 939 000. Det er i 1935 konvertera 1 innanlandsk statslån, nemleg 6 pct. statslån 1925, pålydande 36 millionar kroner. Det nye lånet (4 pct. 1935 II) er pålydande 37 millionar kroner og er teke upp etter ein kurs på 97 1/2 pct. Det er ogso teke upp eit nytt utanlandsk statslån, nemleg 3 1/2 pct. 1935 i Sverike, stort 20 millionar svenske kroner. Opptakingskursen for dette lånet var 95 pct.

Statsrekneskaper for budgett-terminen 1934—35 er oppgjord med eit rekneskapsoverskot på kr. 15 492 921.

Tek ein umsyn til at summen av utgiftsløyvingar som er overført til rådveldi i neste termin (1935—36) hev stige med kr. 8 664 997 vert overskotet kr. 6 827 924. Statens nettokapital hev i 1934—35 gått ned med kr. 2 836 814 m. a. på grunn av at rabatt og kostnader med utlegging og konvertering av nye statslån er førd til avgang på kapitalen med umlag 8,6 millionar kroner, og at det som ny passivapost er oppført løyvt men ikkje utbetala statstilskot til bureising og jorddyrking med umlag 12,2 millionar kroner.

I 1935 vart det halde våpenøvingar i samhøve med stortingsvedtaket 6 april 1935.

Floten hev havt tokter og øvingar i samhøve med løyvingane.

Mineleggjaren «Olav Tryggvason» hev på sumartokt vitja dei utanlandske hamnene Brussel, Lisboa, Bilbao, Brest og Liverpool. «Michael Sars» saman med leigde farty hev greidt med trålaruppsynet i Nord-Noreg. I juli, august og fyrste helvti av september hev «Michael Sars» dessutan gjort hjelpe-teneste for norske fiskarar under islandsfisket. Alle andre tokter og øvingar var innanfor riksgrensone.

Gjeve på Oslo slott 9 januar 1936.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON  
(L. S.)

Johan Nygaardsvold

Denne er renteberande fra 15 desember 1935. Av serien 5 pct. 1932 er det ikke selt noe, og restopplaget er soleis som ifjor kr. 4 293 000. Restopplaget av 4 1/2 pct. serien 1935 I på 13 millioner kroner, kr. 5 279 000 er selt i 1935. Statsgjeldi var, når man regner om de utenlandske lån etter pari kurs pr. 30 juni 1934 kr. 1 461 738 603 og pr. 30 juni 1935 kr. 1 476 181 397, altså en stigning i budgett-terminen 1934—35 på kr. 14 442 794. På de faste uten- og innenlandske statslån er det en netto avgang på kr. 3 993 653, mens den millombils gjeldi er økt med kr. 18 436 447. Samtidig er statskassemedelen (innestående foliomedel i Norges Bank, innskott i andre banker og opplag av statsobligasjoner oppkjøpt til amortisering) gått opp med umlag kr. 19 939 000. Det er i 1935 konvertert 1 innenlandsk statslån, nemlig 6 pct. statslån 1925, pålydende 36 millioner kroner. Det nye lånet (4 pct. 1935 II) er pålydende 37 millioner kroner og er tatt opp etter en kurs på 97 1/2 pct. Det er også tatt opp et nytt utenlandsk statslån, nemlig 3 1/2 pct. 1935 i Sverige, stort 20 millioner svenske kroner. Opptakingskursen for dette lånet var 95 pct.

B. Rolsted

Denne er renteberande fra 15 desember 1935. Av serien 5 pct. 1932 er det ikke selt noe, og restopplaget er soleis som ifjor kr. 4 293 000. Restopplaget av 4 1/2 pct. serien 1935 I på 13 millioner kroner, kr. 5 279 000 er selt i 1935. Statsgjeldi var, når man regner om de utenlandske lån etter pari kurs pr. 30 juni 1934 kr. 1 461 738 603 og pr. 30 juni 1935 kr. 1 476 181 397, altså en stigning i budgett-terminen 1934—35 på kr. 14 442 794. På de faste uten- og innenlandske statslån er det en netto avgang på kr. 3 993 653, mens den millombils gjeldi er økt med kr. 18 436 447. Samtidig er statskassemedelen (innestående foliomedel i Norges Bank, innskott i andre banker og opplag av statsobligasjoner oppkjøpt til amortisering) gått opp med umlag kr. 19 939 000. Det er i 1935 konvertert 1 innenlandsk statslån, nemlig 6 pct. statslån 1925, pålydende 36 millioner kroner. Det nye lånet (4 pct. 1935 II) er pålydende 37 millioner kroner og er tatt opp etter en kurs på 97 1/2 pct. Det er også tatt opp et nytt utenlandsk statslån, nemlig 3 1/2 pct. 1935 i Sverige, stort 20 millioner svenske kroner. Opptakingskursen for dette lånet var 95 pct.